

Innkommne merknader ved høyring

I høyringsperioden er det kome inn 3 innspel og merknader frå offentlege instansar.

Hovudinnhald og administrasjonen si vurdering av innspel i samband med offentleg høyring følgjer nedanfor:

Innspel frå:	Dato	Innhald i merknad	Vurdering
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	27.06.2017	<p>Fylkesmannen merkar seg at det er lagt inn i føresegnene at «tiltak i sjø som har konsekvensar for botnsediment skal krav i høve forureiningslova vera avklara før det kan gjevas igangsettingsløyve».</p> <p>Dei minner om at det de i tillegg må sikra at vassmassar ikkje vert ureina, mellom anna må de nytta reine massar ved fylling i sjø. Fylkesmannen ber og om at dette vert presisert i føresegnene, då store tiltak og tiltak som kan gje fare for ureining, vil utfylling frå land til sjø òg krevje løyve frå Fylkesmannen, etter ureiningslova § 11.</p> <p>Fylkesmannen gjer elles merksam på at det er ei nyare retningsline for handsaming av støy i arealplanlegging enn den det vart vist til i førre fråsegn. T-1442/2012 er erstatta av T1442/2016. Me ber om at de nyttar den nyaste retningslina og om orsaking for at me ikkje minna om at retningslina er fornya.</p> <p>Vidare er Fylkesmannen usikker på om det er føremålstenleg å fjerna meir massar frå friområdet og om det vert meir taltalende, eventuelt om det vert mindre vind av at ein tek vekk meir av haugen</p>	<p>Merknaden i høve forureining er innarbeidd i føresegnene punkt 2.11.5, siste setning.</p> <p>Dette er retta, og føresegnene viser no til rett rettleiar.</p> <p>Etter administrasjonen si vurdering vil den planlagde løysinga gjeve eit betre visuelt uttrykk enn dagen situasjon. Administrasjonen meiner derfor ikkje at det er grunnlag for å endre dette.</p>
NVE	03.07.2017	NVE har ingen merknader til planframlegget	
Fiskeridirektoratet region Vest	25.07.2017	Fiskeridirektoratet region Vest meiner våre merknadar er tekne omsyn til og har ingen vidare merknadar til planframlegget.	